



Olav Andre Soltveit
Mjukebakkane 8
5918 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3440 - 23/32375

Saksbehandlar:
Marie Victoria Rekdal Skogrand
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:
28.04.2023

Varsel om dokumentkontroll etter søknad om produksjons- og avløysartilskot i jordbruket 2023

Alver kommune v/landbrukskontoret visar til føretaket sin søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket i mars 2023.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2023/10 punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, **og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.**

Føretaket ditt er trekt ut grunna feil ved den maskinelle kontrollen av **storfe** knytt mot husdyrregisteret, der søknadsopplysningar vert kontrollert mot registreringar i husdyrregisteret. Det kan vera fleire grunnar til avvik mellom opplysningar i søknaden og våre rapportar frå husdyrregisteret. Me vil difor foreta ein kontroll.

Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll. Då bed me om at de sender inn kopi av naudsyste dokument til kommunen for kontroll.

Kontrollen vil omhandla:

- **Ammekyr og øvrige storfe som føretaket disponerte på teljedato 1.mars som er registrert i husdyrregisteret.**

Dokument som kan godkjennast er utskrift frå husdyrkontrollen/ storfekjøttkontrollen datert 1.mars som syner :

- Opplysningar om alle storfe som føretaket disponerte per 1. mars 2023: individliste eller utskrift av rapporten «Produksjonstilskot – Grunnlag for utfylling av skjema for produksjonstilskot», og
- Dokumentasjon på siste kalvingsdato og insemineringsdato/ forventa kalvingsdato for individ med opprinnelsesmerke **12600542 - 1038**

For å reknast som ei ammeku i samband med søknad om produksjonstilskot må kua ha kalva i løpet av dei siste 15 månadane før telledato. For kyr av bevaringsverdig rase er kravet 18 månadar. Dødfødsel innanfor 20 dagar før venta kalving vert rekna som ei kalving. Kasting tidlegare enn 20 dagar før venta kalving vert ikkje rekna som ei kalving, og kua kan då heller ikkje reknast som ammeku, men skal førast opp som «Øvrige storfe» i søknaden.

For å kontrollera at dyr som er ført opp som ammekyr i søknaden har kalva innanfor dei siste 15 månadane treng me derfor informasjon om ammekyr som har hatt dødfødsel eller kasting i løpet av dei siste 15 månadane. For desse individa treng me informasjon om insemineringsdato/ forventa kalvingsdato og dato for dødfødsel/kasting.

Bed om at naudsynt dokumentasjon vert sendt til Alver kommune, Postboks 4 5906 Frekhaug eller på e-post til post@alver.kommune.no innan fredag 12. Mai 2023.

Merk dokumentasjon med saksnummer 23/3440

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna eller dei andre på landbrukskontoret.

Alver kommune innbyggjarservice: 56 37 50 00

Kontakt sakshandsamar: marie.skogrand@alver.kommune.no, Tlf: 45330183

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Marie Victoria Rekdal Skogrand
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Olav Andre Soltveit

Mjukebakkane 8

5918

Frekhaug